



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Luster rådhus

Møtedato: 08.11.2019

Tid: 09:30 - 15:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

- 0930 Ordførar Ivar Kvalen ønskjer velkomen til Luster
- 0945 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 14.6.2019
Orientering om aktivitetar i rådet ved dagleg leiar
- 1015 Handsaming av saker i rådet
- 1215 Lunsj
- 1300 Framlegg til ny prehospital plan
Tom Guldhav, prosjektleiar og direktør for kirurgisk klinikk, Helse Førde
- 1400 Vel heim!

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
19/19	19/4663-1 Val av leiar i Sogn regionråd 2019-2020
20/19	19/4664-1 Arbeidsgrupper i Sogn regionråd
21/19	19/4652-1 Vedtekter Sogn regionråd
22/19	19/4665-1 Møteplan for 2020
23/19	18/4429-3 Utvikling av regionråda i Vestland fylke
24/19	18/3043-30 Sogn for alle - integrering og inkludering
25/19	19/4774-3 Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane
26/19	19/447-7 Orienteringssaker

Sogndal, 25. oktober 2019

Ivar Kvalen
Fungerande leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 19/4663

Arkiv: 033 &85

Saksnr.: Utval
19/19 Sogn regionråd

Møtedato
08.11.2019

Sak 19/19

Val av leiar i Sogn regionråd 2019-2020

Tilråding:

- vert vald som leiar i rådet ut året og for 2020
- vald som nestleiar i rådet ut året og for 2020

Saksutgreiing:

I samsvar med vedtektene § 3 skal det veljast leiar og nestleiar i første rådsmøte kvart år. Som følgje av kommunevalet må rådet velja leiar og nestleiar i dette møtet. Oversyn over leiarverva dei seinare åra:

Jan Geir Solheim, Lærdal kommune var leiar i 2018-2019 med Ivar Kvalen, Luster kommune som nestleiar (2019)

Petter Sortland, Høyanger kommune var leiar i 2016 og 2017

Harald N. Offerdal, Balestrand kommune var leiar i 2014 og 2015

Norald Distad, Aurland kommune var leiar i 2012 og 2013

Torodd Urnes, Luster kommune var leiar i 2010 og 2011

Jarle Aarvoll, Sogndal kommune var leiar i 2009

Marta Finden Halset, Vik kommune var leiar i 2008

Olav Lunden, Leikanger kommune var leiar i 2006 og 2007

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 19/4664

Arkiv: 036 &85

Saksnr.: Utval
20/19 Sogn regionråd

Møtedato
08.11.2019

Sak 20/19

Arbeidsgrupper i Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande arbeidsgrupper: ----

Representantar i arbeidsgruppene vert: ----

Vedlegg:

Retningslinjer for arbeidsgrupper i Sogn regionråd

Saksutgreiing:

Sogn regionråd har dei siste åra hatt tre arbeidsgrupper. Arbeidsgruppene tek initiativ til tiltak og prosjekt som stør opp om og utviklar regionen, gjev tilråding til regionrådet og påverkar avgjerdestakar i retning av avgjerder for å betre tilbodet i regionen. Gruppene har ikkje vedtaksmynde og alle saker skal vera vedtekne i rådet før iverksetjing.

Sidan 2013 har Sogn regionråd hatt tre arbeidsgrupper: helsegruppe, næringsgruppe og samferdslegruppe. Disse gruppene vart vidareførte også etter at ny regionalplan vart vedteken i 2017. Gruppene har dei siste åra hatt slik samansetjing:

Helsegruppe:

Jan Geir Solheim, Lærdal kommune
Jon Håkon Odd, Leikanger kommune
Arild Ingar Læg Reid, Årdal kommune

Næringsgruppe:

Arild Ingar Læg Reid, Årdal kommune
Noralf Distad, Aurland kommune
Ivar Kvalen, Luster kommune
Petter Sortland, Høyanger kommune
Olav Turvoll, Vik kommune

Samferdslegruppe:

Ivar Kvalen, Luster kommune
Harald Offerdal, Balestrand kommune
Jan Geir Solheim, Lærdal kommune
Olav Turvoll, Vik kommune
Jarle Aarvoll, Sogndal kommune

Dagleg leiar i Sogn regionråd er sekretær for gruppene.

Som følgje av kommunevalet må det veljast representantar til gruppene.

Rådet kan vurdere kva arbeidsgrupper som er aktuelle og velje deltakarar til gruppene. Eigna tal deltakarar er 3 evt. 4 i kvar gruppe.

Det har vore vanleg at rådet vel leiar i gruppene, sjølv om dette etter vedtektene § 1 kan gjerast av gruppa sjølv.

Vedlegg

Retningslinjer for arbeidsgrupper i Sogn regionråd

1 Val og samansetnad

Sogn regionråd vel arbeidsgrupper blant medlemmane i rådet. Leiar av arbeidsgruppa kan bli vald av regionrådet eller av arbeidsgruppa.

2 Mynde

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innanfor sine saksområde. Arbeidsgruppene har ikkje vedtaksmynde. Arbeidsgruppene orienterer regionrådet om status for arbeidet og planane vidare.

3 Mandat

Arbeidsgruppene skal innanfor sine saksområde

- ta initiativ til tiltak og prosjekt som står opp om og utviklar tenesta i regionen
- førebu saker og gje tilråding til regionrådet
- påverka avgjerdestakarar i retning av avgjerder for å betra tilbodet i regionen
- gje fråsegn

Alle saker skal vera forankra og vedtekne i regionrådet før iverksetjing.

Hastesaker skal avklarast på epost til ordførarane med kopi til rådmennene. Medlemmane må få tilstrekkeleg frist til å svara. Dersom ein eller fleire av ordførarane har merknader til saka, har arbeidsgruppa ikkje høve til å iverksetja saka. Arbeidsgruppa har høve til å leggja saka fram i neste regionrådsmøte.

4 Økonomi

Arbeidsgrupper som har behov for eigne midlar for å utføra oppgåvene, kan få tilført midlar frå regionrådet for ei avgrensa periode og til definerte føremål.

5 Sekretariat

Dagleg leiar deltek i møta og er sekretær for arbeidsgruppene. Det skal førast referat frå møta. Dersom medlemmane i arbeidsgruppa har ulike standpunkt i møtet skal dette gå fram av referatet.

Vedtekne i møtet 28.3.2008

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 19/4652

Arkiv: 039 &00

Saknr.: Utval
 21/19 Sogn regionråd

Møtedato
 08.11.2019

Sak 21/19

Vedtekter Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande endring i vedtektene gjeldande frå 2020:

§ 1 Føremål

(..) Rådet er sett saman av kommunane i Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. (..)

Sogn regionråd tilrår følgjande endringar i vedtektene gjeldande frå 2020:

§ 5 Økonomi

(..) Som hovudprinsipp skal kontigenten delast slik: 40 prosent er lik grunnsum for alle kommunane, 60 prosent skal vera eit kronebeløp pr innbuar.(..)

Vedlegg:

Framlegg til endra vedtekter for Sogn regionråd

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Sogn regionråd er eit interkommunalt selskap med heimel i § 27 i kommunelova.

I samband med endringar frå 9 til 7 kommunar frå 2020 er spørsmålet om endra fordelingsmodell knytta til interkommunale samarbeid vore drøfta i rådmannsgruppa. Fordeling av kontigenten som kommunane betaler framgår av vedtektene § 5 Økonomi:

«(..)Medlemskommunane betalar ein kontingent til rådet. Storleiken på denne kontingenten skal dekkja sekretariatsfunksjonen, disponible midlar for rådet og midlar til prosjekt som rådet har vedteke. Som hovudprinsipp skal kontingenten delast slik: halve summen er lik grunnsum for alle kommunane, halve summen skal vera eit kronebeløp pr. innbuar. Rådet kan i særskilde prosjekt vedta at alle kommunane skal betale ein lik sum.(..)»

I § 6 framgår det at endringane skal gjerast av rådet med 2/3 fleirtal:

«Endring av vedtektene skal gjerast av rådet med 2/3 fleirtal. Rådsmøtet som endrar vedtektene skal varslast minst 3 veker på førehand. Alle kommunane skal vera representerte på eit slikt møte.»

Kommunane dekker utgifter til stillingane i rådet (dagleg leiar, GIS-koordinator og programleiar for barnehage- og skuleutvikling), midlar til fagnettverka i skulane og regionale utviklingsmidlar, totalt kr 3,5 mill. Fordelinga 50 prosent fast og 50 prosent etter folketal er brukt sidan rådet vart etablert. Også andre kostnader utanom kontigenten, som drift av kommunenett og drift av GIS-løysing blir fordelt etter 50-50.

Fordelingsmodellar for dei interkommunale avtalane har vore drøfta på møta i rådmannsgruppa, og fordelingsnøkkel for regionrådet har inngått i desse drøftingane. Budsjettramme for Sogn regionråd vart vedteken i møtet 14. juni 2019 utan fordelingsmodell. Rådet bør avgjera fordelingsmodell i dette møtet slik at kostnadsfordelinga kan inngå i saka om budsjettet til møtet 6. desember 2019.

I og med at rådet si samansetjing blir endra 1. januar 2020 kan rådet i dette møte tilrå ein fordelingsmodell som regionrådet får til endeleg godkjenning på det første rådsmøte i februar 2020. Tilrådinga vil bli lagt til grunn i budsjettsaka til neste møtet og sak om vedtektsendring § 5 vil bli lagt fram for endeleg avgjerd for rådet i februarmøtet.

Ny kommunelov: I ny kommunelov vert det innført nye interkommunale samarbeidsmodellar; interkommunale politiske råd (§ 18) og kommunale oppgåvefelleskap (§ 19). Det er også mogleg å omorganisera samarbeidet til eit interkommunalt selskap. I samband med omdanning til interkommunale politisk råd eller kommunalt oppgåvefelleskap er det krav om ein samarbeidsavtale mellom kommunane. Det er gitt ein frist på 4 år på å omdanne dagens § 27- samarbeid til interkommunalt politisk råd eller kommunalt oppgåvefelleskap. Sak om omdanning og endra vedtekter i tråd med ny kommunelov samt forslag til samarbeidsavtale vil bli lagt fram i eit seinare møte.

Vurdering:

Ny kommunestruktur gjer at det blir større forskjell i folketal mellom den største kommunen og dei små kommunane. Dersom ein held fram med dagens modell vil dei små kommunane få auka kontingent.

Det er aktuelt å skilja mellom regionalt samarbeid om fellesoppgåver og interkommunalt samarbeid om tenester. Regionrådet utfører fellesoppgåver for kommunane og skal gje nytteeffekt uavhengig av storleik på kommunane. Det kan argumenterast med at dei store kommunane bør ta ein større del av ansvaret for det regionale samarbeidet ved å ta ein større del av finansieringa t.d. meir i samsvar med deira andel av folketallet. Det kan også argumenterast med at dei minste kommunane har mest å vinne på eit samarbeid, og difor også må ta ein større del av rekninga enn folketallet skulle tilseie.

Det er ingen finansieringsmodell som står fram som heilt «riktig» eller «rettferdig». Interkommunalt samarbeid om tenester vil i større grad kunne vurderast i høve til volum, tal brukarar eller liknande, men dette vert ikkje vurdert her. Generelt bør det vere rom for å kome fram til andre fordelingsnøklar knytt opp mot behov og bruk for slike samarbeid. Dei bør i så fall avklarast frå samarbeid til samarbeid.

Med bakgrunn i innspel og diskusjonar i rådmannsgruppa foreslår administrasjonen ei fordeling av kontigenten til regionrådet på 40 prosent fast og 60 prosent etter folketal. Ev. merknader eller andre innspel frå rådmannsgruppa sitt møte 28. oktober vert teke med til rådsmøte.

Som omtalt over kan rådet i dette møtet tilrå ei vedtektsendring av § 5 økonomi som går til endeleg godkjenning i rådet sitt første rådsmøte i 2020.

Vedlegg

Framlegg til endra vedtekter for Sogn regionråd:

§ 1 Føremål

Sogn regionråd er skipa som eit interkommunalt selskap med heimel i § 27 i kommunelova. Rådet er sett saman av kommunane i Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd skal vere ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikle rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Sogn regionråd skal òg fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordne og forenkle oppgåver for eigarane.

§ 2 Medlemsskap

Medlemer i regionrådet er dei kommunane som nemnde i § 1. Dersom det er tenleg, kan rådet etter vedtak i rådsmøtet, ha formelt samarbeid med andre kommunar, organisasjonar, institusjonar og samarbeidstiltak.

Utmelding kan skje med 6 månaders skriftleg varsel til rådet, likevel slik at utmeldinga skjer frå eit årskifte. I så fall heftar kommunane for sin del av dei fellesutgifter rådet måtte ha påteke seg før utmeldinga vert sendt, og for eventuelle sams administrasjonsutgifter i utmeldingstida.

§ 3 Rådet

Ordføraren er kommunen sin representant i rådet, med varaordføraren som vararepresentant. I høve kommunelova § 27 er rådet styre. Rådmennene kan møte, men då berre med talerett. Sekretær møter med tale- og framleggsrett.

Rådet er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmene er tilstades. Rådet vert vanlegvis kalla inn 14 dagar på førehand. Det skal setjast opp møteplan for eitt år om gongen.

På fyrste rådsmøte kvart år skal det:

- veljast leiar og nestleiar
- leggjast fram årsmelding og arbeidsplan

§ 4 Sekretariat

Rådet kan kjøpe sekretariathjelp som står for den daglege drifta av rådet innanfor dei rāmene som er fastsett av rådet. Rådet kan elles be om hjelp frå medlemskommunane i høve sekretariatet sine oppgåver.

Sekretariatet skal syte for å halde kommunar og rådsmedlemmer orienterte om verksemda i rådet, og stå for praktisk arbeid etter vedtak i rådet.

§ 5 Økonomi

Partane i samarbeidet ber sjølve utgiftene til møte, reise, diett m.v. i samband med rådsmøta. Det same gjeld utgifter med tillitsfunksjonar rådsmedlemmene deira vert valde til.

Medlemskommunane betalar ein kontingent til rådet. Storleiken på denne kontingenten skal dekkja sekretariatsfunksjonen, disponible midlar for rådet og midlar til prosjekt som rådet har vedteke.

Som hovudprinsipp skal kontingenten delast slik: 40 prosent er lik grunnsom for alle kommunane, 60 prosent skal vera eit kronebeløp pr. innbuar. Rådet kan i særskilde prosjekt vedta at alle kommunane skal betale ein lik sum.

Den økonomiske rāma for Sogn regionråd si verksemd skal inngå i årsbudsjettet til den deltakarkommunen rådet kjøper sekretærtjenester hjå. Regionrådet vedtek sjølv den nærare fordelinga av den økonomiske rāma på bakgrunn av tilråding frå sekretær. Ein viser elles til § 13 i forskrifter om årsbudsjett av 15. desember 2000.

Rekneskapet for Sogn regionråd si verksemd skal inngå i årsrekneskapet til den deltakarkommunen rådet kjøper sekretærtjenester hjå. Regionrådet vedtek sjølv rådet sitt rekneskap og årsmelding på bakgrunn av tilråding frå sekretær innan 1.april. Ein viser elles til § 12 i forskrifter om årsrekneskap og årsmelding av 15.desember 2000.

§ 6 Endring av vedtektene

Endring av vedtektene skal gjerast av rådet med 2/3 fleirtal. Rådsmøtet som endrar vedtektene skal varslast minst 3 veker på førehand. Alle kommunane skal vere representert på eit slikt møte.

§ 7 Oppløysing

Rådet kan oppløysast av rådsmøtet med 2/3 fleirtal. Slikt rådsmøte skal kallast saman med ein frist på 6 månader og alle kommunane skal vere representerte.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 19/4665

Arkiv: 033 &85

Saksnr.: Utval
22/19 Sogn regionråd

Møtedato
08.11.2019

Sak 22/19

Møteplan for 2020

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek slik møteplan for 2020:

Regionrådsmøte:

28. februar
22. april
12. juni
18. september
30. oktober
11. desember

Møte for interkommunale selskap:

24. april
23. oktober

Saksutgreiing:

Forslag til møtedatoar og – stader er:

28. februar, Vik
22. april, Luster (entreprenørskapsmesse)
12. juni, Lærdal
18. september, Sogndal
30. oktober, Aurland
11. desember, Høyanger

Rådsmøta er lagt til fredagar, utanom møtet 22. april, som er same dag som entreprenørskapsmessa for ungdomsskulane. Møtestader elles i oversikta kan endrast. Dei siste åra har vi lagt februar møte til Bergen i samband med karrieremessa som har vore arrangert på kveldstid. Karrieremessa blir 4. februar og Framtidsfylket vurderer å arrangera messa på dagtid, og i såfall er det ikkje så lett å kombinera med rådsmøte.

Om det er aktuelt med ordførarsamling i løpet av året kjem den i tillegg.

Dei to møtedagane for interkommunale selskap er også lagt til fredagar:

24. april og 23. oktober.

Sogn regionråd

 Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 18/4429

Arkiv: 434

Saksnr.: Utval
 23/19 Sogn regionråd

Møtedato
 08.11.2019
Sak 23/19

Utvikling av regionråda i Vestland fylke

Tilråding:

Sogn regionråd er positive til å delta i ein fellesprosess for utvikling av samhandling mellom regionråda og Vestland fylkeskommune.

Vedlegg:

Regionråd i Vestland fylke i framtida – bakteppe og ein mogleg modell, notat 26.9.2019
 Korleis utvikla Indre Vestland til ei kraft? Kva kan vi samarbeide om? notat 31.1.2019

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Regionråda i Sogn og Fjordane og Hordaland var i februar 2019 inviterte til eit dialogseminar i Førde for å drøfta utvikling av regionråda i det nye Vestland fylke.

Som ei oppfølging av seminaret vert regionråda bedne om å gje tilbakemelding til invitasjonen om å delta i ein koordinert prosess for forming og utvikling av regionråda i Vestland fylke.

Målet med notatet er å gje regionråda eit betre grunnlag for å avgjere vegen vidare med omsyn til oppgåver og rolle. Det vert peika på at fylkeskommunen treng tydelege og regionale partnerar for å lukkast i det nye fylket. Notatet er skriva som ein argumentasjon for større regionråd. Samstundes vert det vist til at regionråda må vera tilpassa bu- og arbeidsmarknadsregionen. Notatet gjer greie for roller og oppgåver for regionråda, og korleis ein ser føre seg vidare prosess.

Det vert vist til at prosessen med å byggje nye regionråd bør starte no. Arbeidet vil bli fasilitert av den nye stabsavdelinga for Strategisk utvikling og digitalisering i Vestland fylkeskommune. Det er gitt frist til 10. november om ein ønskjer å delta i ein slik fellesprosess. Dersom tilbakemeldingane er positive vil det verta teke initiativ til eit nytt dialogseminar tidleg i 2020 for å vidareføra prosessen for utvikling av regionråda i Vestland fylke.

Vurdering:

Regionråda er ulike og tilpassa regionale ønske og behov kva gjeld oppgåver og prioriteringar. Kommunane i Sogn samarbeider om prosjekt- og utviklingsretta oppgåver og har også stått samla i viktige saker som interessehevdingar.

Sogn regionråd, Hardangerrådet og kommunane Vaksdal og Voss har snakka om moglegheiter for tettare samarbeid når fylkesgrensa forsvinn. Dialogen starta i vinter og det vart i sist rådsmøte signalisert at Sogn ønskjer å halda fram prosessen.

Å delta i arbeidet for å styrka samhandling og partnerskap med fylkeskommunen er interessant. Som nemnt i notatet er samarbeidet svakt slik det er i dag og bør sikrast betre i framtida. Administrasjonen tilrår at rådet deltek i prosessen som gjeld avtalebasert samarbeid med fylkeskommunen om regionalpolitiske satsingar.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 18/3043

Arkiv: 130 &73

Saksnr.:	Utval	Møtedato
12/18	Sogn regionråd	14.09.2018
14/19	Sogn regionråd	14.06.2019
24/19	Sogn regionråd	08.11.2019

Sak 24/19**Sogn for alle - integrering og inkludering****Tilråding:**

Sogn regionråd opprettar styringsgruppe for prosjektet Sogn for alle for perioden 2020-2023. Styringsgruppa vert leia av leiar i Sogn regionråd. Eksterne aktører vert inviterte og rådmannsgruppa peiker ut sin representant til styringsgruppa. Representantar vert valde for 2 år om gongen.

Det vert oppretta ei 100% prosjektstilling for fire år til leia, koordinera og følgja opp prosjektet.

Stillinga blir finansiert av eksterne midlar, kontigentmidlar og egne midlar i samsvar med vedtak 14. juni 2019. I tillegg blir det sett av ytterlegare kr 200 000 av rådet sine fondsmidlar til å finansiera resten av prosjektstillinga og aktivitetar i prosjektet. Det blir søkt om ekstern finansiering.

Vedlegg:

Prosjektplan – Sogn for alle - Integrering og inkludering

Saksutgreiing:**Bakgrunn:**

Sogn regionråd vedtok i førre møte den 14. juni 2019 å gjennomføre prosjektet Sogn for alle 2020-2023. Rådet ba kommunane melda tilbake innan dette møtet om dei deltek i prosjektet og om dei tek sin eigendel.

Sogn regionråd har integrering og inkludering som eit arbeidsområde i regionalplanen for 2017-2020. Integrering og inkludering inngår i satsingsområde attraktiv buregion som har følgjande delmål: «Sogn skal vera ein attraktiv buregion og skal lukkast med auka tilflytting og rekruttering til regionen».

Regionrådet har som strategi å medverka til at aktørane i inkluderingsarbeidet samarbeider i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion. Mål og strategiar i regionplanen viser at rådet ser inkluderingsarbeidet som tiltak for å auka folketalet i regionen og at det bør skje i eit samarbeid mellom kommunane, lokalt næringsliv og frivillig sektor.

Sogn busett i gjennomsnitt fleire flyktningar pr innbyggjar enn i landet elles, medan andelen busette innvandrarar er lågare enn i landet elles. 1 av 10 innbyggjarar i regionen er innvandrar. Innvandrarar som kjem til Sogn representerer ein viktig ressurs som regionen treng for å dekke behovet for arbeidskraft og vekst i næringslivet, og for oppretthalde og styrke folketalsutviklinga.

Rådet starta arbeidet i fjor haust med å stake ut kursen for inkluderingsarbeidet; definera og velja ut arbeidsområde og vurdera samarbeidsform. Vi har frå starten samarbeidd med

Sogn regionråd

Distriktssenteret. Kunnskapsparken har på oppdrag frå regionrådet utarbeidd prosjektplanen. Gjennom eit grundig arbeid i arbeidsgruppa, innhenting av informasjon frå kommunane og kunnskap frå andre kommunar og regionar, er det kome fram utfordringar, behov og moglegheiter i inkluderingsarbeidet.

Målet med Sogn for alle er å sikre verdiskaping og vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarak. For å få til dette må innvandrarak i større grad delta aktivt i arbeids- og samfunnsliv. Kommunane sitt arbeid er i stor grad retta mot flyktningar. I prosjektet Sogn for alle vil arbeidet bli retta også mot innvandrarak.

Målgruppa for prosjektet er kommunane og korleis dei samhandlar med andre offentlege instansar, privat næringsliv, frivillige organisasjonar, tilflyttarak og innbyggjarar.

Vurdering:

Om vi skal lykkast med integrering der innvandrarakane får brukt sine ressursar i arbeids- og samfunnsliv, krever det innsats og samhandling frå mange aktørar innan det offentlege og private næringsliv, og frivillige lag og organisasjonar. Sogn for alle vil også retta seg mot innvandrarak og det vil bli jobba heilskapleg. Frivillig sektor og arbeidsgjevarane vil bli trekt enno meir med. Prosjektleiar vil vera ein drivar i utviklingsarbeidet. Kontaktpersonane i kommunane vil bidra med minimum 10% stilling.

Organisering og styring:

Prosjektet blir organisert med eigen styringsgruppa som blir sett saman av representantar slik det framgår av prosjektplanen. Det er lagt opp til at rådsleiar er leiar for styringsgruppa. Aktørar som blir inviterte til å delta i styringsgruppa peikar sjølve ut representantar til styringsgruppa. Administrasjonen foreslår at representantar vert valde for 2 år om gangen.

Styringsgruppa rapporterer til Sogn regionråd og regionrådet godkjenner handlingsplan, årsmelding og budsjett. Viktige oppgåver for styringsgruppa vil vera: a) ta initiativ til å bygge opp under utviklingsprosessar, b) informera og forankre i eigen organisasjon, c) bringe inn relevante satsingar inn til drøfting i styringsgruppa, d) vera pådrivar for å nå måla i prosjektplanen og e) bidra til å koordinera tiltak i styringsgruppa og eigen organisasjon.

Prosjektleiar som blir tilsett vil vera sekretær for styringsgruppa og vil leia, koordinera og følgja opp prosjektet.

Det blir føresett at deltakarane i styringsgruppa har eigeninteresse i utviklingsarbeidet og det vert ikkje tilrådd kompensasjon for deltaking. Det vert føresett at kvar aktør tilrettelegg for deltaking.

Finansiering:

Prosjektet har eit årleg budsjett på kr 2 430 000 der eigeninnsats og egne stillingsressursar i kommunane inngår. Sogn regionråd vedtok å setja av kr 200 000 årleg av regionale utviklingsmidlar i dei fire prosjektåra. Kommunane vart oppmoda om å løyve samla kr 200 000 årleg som kontingent i same periode. Midlane inngår i budsjetttramma for 2020 som regionrådet vedtok i møtet 14. juni 2019.

Fylkeskommunen løyvde kr 400 000 den 1. oktober 2019. Fylkeskommunen vurderer prosjektet som godt og at det tek tak i problemstillingar som er viktige for mange distriktskommunar. Tilskotet frå fylkeskommunen er mindre enn det vi søkte om.

Prosjektet nærmar seg såleis fullfinansiering, men for å setja i gang prosjektet er det behov for å finansiera opp prosjektet med kr 200 000. Administrasjonen tilrår at regionrådet set av fondsmidlar. Arbeidet med å søkje ekstern finansiering vil halde fram.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 19/4774

Arkiv: V00

Saksnr.: Utval
25/19 Sogn regionråd

Møtedato
08.11.2019

Sak 25/19

Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane

Tilråding:

Sogn regionråd oppmodar kommunane om å støtta gjennomføring av prosjektet «Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane» og bidra med finansiering til investeringa.

Vedlegg:
Prosjektplan

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Lærdal Grønt søker om investeringstøtte til å utvikla eit nytt regionalt fruktpakkeri i Lærdal. I samband med at regionråds kommunane har fått søknad, er det kome spørsmål om handsaming i rådet for politiske signal om handtering av søknaden.

Sogn og Fjordane har gjennom systematisk utviklingsarbeid og målmedviten satsing dei siste 20-30 åra utvikla seg til å bli viktigaste regionen i landet innanfor frukt- og bærproduksjon.

Totalt omfattar næringa no mellom 200–300 aktive produsentar/gardsbruk i Sogn og Fjordane. Produksjonane på kvar gard kan variere frå store til mindre bruk, og føregår ofte i kombinasjon med andre landbruksproduksjonar.

Suksessen til næringa, slik den har vist seg i Sogn og Fjordane, og den jamt aukande etterspurnaden etter frukt og grønt i marknaden, har og gitt inspirasjon til ny storstila satsing på det sentrale Austlandet. Mindre kornbruk i bynære strøk legg no om til frukt, bær og grønt. Og bruk med store og lett drivne areal aukar produksjonen.

Lærdal Grønt har teke initiativ til å gjennomføre ei større satsing i Sogn og Fjordane for å møte dei utfordringane som vil kome i denne næringa. Det er utarbeidd ein hovudprosjektplan for ei stor satsing. Det har i dette arbeidet vore mykje dialog og møte mellom dei ulike produksjonsmiljøa i fylket, BAMA, kjederepresentantar og offentlege styresmakter mm. I planen heiter det:

Større produksjonseiningar nær dei store byane og aukande krav frå marknaden set krav til svært fleksible pakkeri med svært effektive sorterings- og pakkøløysingar. Her er dagens pakkeri i Sogn og Fjordane for små og for lite tilpassa aukande krav i marknaden (frå daglegvarekjedene) om svært raske og fleksible omstillingar mellom ulike typar emballasje, pakningar og mellom dei

Sogn regionråd

ulike produksjonane. Pakkeria må td. kunne pakke og levere plome, eple og pære samtidig. Dette går ikkje i dag.

Forbruk av frukt, bær og grønt er framleis i stor vekst, og alle trendar tyder på at dette kjem til å fortsetje. Men veksten blir også i stor grad dekkja av import. Ein viktig strategi for å kunne kople denne veksten til norsk landbruksproduksjon må vere å vidareutvikle produksjonen rundt sterke pakkeri. Her har pakkeria på Vestlandet særlege føresetnader, og med eit skikkeleg løft i infrastruktur og organisering vil dette vere den beste strategien for å kople auka marknad for frukt, bær og grønt i Norge til auka verdiskaping i landbruket, og særleg til dei beste og tradisjonsrike områda for frukt- og bær dyrking på Vestlandet.

Ei fornya og forsterka satsing på felles infrastruktur og felles organisering av frukt- og bær næringa i Sogn og Fjordane har følgjande hovudmål: Sikre produsentøkonomien & kostnadskontroll for over 200 gardsbruk i SFj.

Dei tre store mottaka i fylket er i Innvik, Lærdal og Leikanger. Det er mottak av frukt, bær og noko grønsaker/poteter.

Lærdal Grønt har sidan 2014 arbeidd med å utvikle planar for nybygg på Håbakken i Lærdal. Behovet for auka samarbeid og moglege samanslåingar av fellesfunksjonar har vakse fram gjennom fleire år.

Det er teikna og prosjektert ein ny felles infrastruktur i Håbakken med profileringsstad og utsalsstad for lokale produkt frå Sogn og Fjordane, og regionalt mottak /pakkeri i «driftsbygningen» i bakgrunnen. Totalt bygningsareal omlag 5 000 m². Det er planlagt etablering av pakke- og sorteringslinjer og kjølar i felles pakkeridel.

Lærdal Grønt orienterte næringsnettverket om prosjektet i telefonmøtet 7. oktober. Det er søkt kommunane i Sogn regionråd om totalt kr 3,9 millionar; Sogndal og Leikanger kr 700 000, Luster, Aurland, Balestrand og Vik kr 500 000 og Høyanger og Årdal kr 250 000. Offentlege delbidrag til ei finansieringspakke er nødvendig for å få utløyst satsinga. Fylkeskommunen har vedteke å løyve kr 15 millionar. Det er søkt Innovasjon Norge om 10% tilskot som utgjør andelen fellespakkeria i Hardanger og Lier har motteke.

Leikanger kommune har informert om at Sognefrukt har søkt tilskot til investeringar dersom årsmøtet deira avgjer at dei vil halda fram som eiga eining.

Vurdering:

Det er ei stor og framtidretta satsing som er sett i gang av Lærdal Grønt. Det er auka behov for pakkeritenester som er effektive og fleksible. Samstundes er det behov for utviklingsaktivitetar som er avgjerande for å sikre dagens produksjon og for å mogleggjera vidare vekst.

Nasjonalt vert det arbeidd for ein volumvekst innan frukt, bær og grønt framover. Eit fellespakkeri med meir kapasitet til felles produktutvikling, merkevarebygging og utvikling av fellesmiljø i næringa vil gjere det mogleg å ta del i denne veksten.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 19/447

Arkiv: 062

Saksnr.: Utval
26/19 Sogn regionråd

Møtedato
08.11.2019

Sak 26/19

Orienteringssaker

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Innspel frå medlemane
3. Rådmannsgruppa
4. Administrasjonen
5. Prehospital plan ved Tom Guldhav, klinikkdirektør Helse Førde (høyringsdokument vedlagt)

Skriv og meldingar

1. Lokalisering av nasjonale oppgåver innan divisjon veg, geofag og naturfare, brev frå Sogn regionråd til Vegdirektoratet, 22. august 2019.
2. Søknad Sognefjord Bike & Hike frå Visit Sognefjord til kommunane
3. Møte med helsegruppa i Sogn regionråd og Høgskulen på Vestlandet om desentralisert sjukepleiarutdanning, møtereferat 6.9.2019.
4. Nasjonal laksefjord i Sogn, frå Sogn Villaksråd



Vegdirektoratet

Lokalisering av nasjonale oppgåver innan divisjon veg, geofag og naturfare

Dei siste åra har gitt oss ei tydleg påminning om klimaendringane. Fleire flaumar, jordskred og steinskred har råka vår region. Av alle fylka i landet vårt er det særskilt Vestland og Sogn og Fjordane som får kjenna naturkreftene på kroppen, no sist med hendingane i Jølster, Førde og Gloppen.

Sogn regionråd er av den klare oppfatning at fagmiljøet på regionvegkontoret i Leikanger med Geo- og skredseksjonen på ressursavdelinga og Vegavdeling Sogn og Fjordane har vore direkte medverkande til at naturhendingane som har råka fylket vårt har vorte handtert til minst mogleg ulempe for innbyggjarane. Det samla fagmiljøet har vist framifrå kompetanse og vilje til å medverka til gode løysingar for at dei vegfarande kjem seg trygt fram. Denne kompetansen vert også trekt fram nasjonalt.

Vi ser at fagmiljøa som over tid har vorte utvikla på regionvegkontoret på Leikanger har høg status. Leiarar i dei offentlege verksemdene fortel om god rekruttering av høgt kvalifisert personell.

Høgskulen på Vestlandet med Campus Sogndal har fleire relevante utdanningar, mellom anna på institutt for miljø og naturvitenskap der bachelorstudiet i geologi og geofare og masterstudiet Climate Change Management som tek føre seg klimaendringar, flaum og skred. Vi har også eit sterkt forskingsmiljø knytt til klimatilpassing, klimapolitikk og berekraftig utvikling som har hatt eit tett samarbeid med miljøet på Leikanger. Her finn ein også Vestlandsforskning som utfører forskings- og utviklingsoppdrag for næringsliv og offentlig sektor. Her vert det også forska innan klima og miljø og teknologi og samfunn. Vi har også Noradapt som er eit nasjonalt senter for berekraftig klimatilpassing.

Naturen i regionen omfattar alle naturtypane som finst i Noreg, dette kombinert med vêrtilhøva gir studentar, forskarar og andre fagpersonar unike moglegheiter til å studera dei endringane som vil skje i åra framover. Desse kvalitetane, utdanningane og forskingsinstitusjonane kombinert med attraktive arbeidsplassar, mellom anna i Statens vegvesen, trekkjer til seg mange dyktige studentar og fagpersonar som vel å busetja seg i regionen.

Sogn regionråd er av den oppfatning at lokalisering av nasjonale oppgåver innan divisjon veg, geofag og naturfare bør leggjast til Leikanger. Det sterke fagmiljøet der vil vera med å utvikla og styrka den nasjonale kompetansen innan feltet. Frå før har fellesnemnda for Vestland fylkeskommune vedteke å legge Veg til Leikanger nettopp på grunn av det sterke fagmiljøet som allereie er lokalisert på regionvegkontoret. Nærleik til den operative delen av etaten vil etter vårt syn vera ein stor føremon. I tillegg vil det sterke fagmiljøet på Leikanger vera med på å utvikla både utdannings- og forskingsmiljøa som allereie er i regionen.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Karina Nerland

Fra: Ståle Brandshaug <stale@sognefjord.no>
Sendt: onsdag 2. oktober 2019 09:17
Til: Terje Søreide; 'Birgitta Hagen Kyrkjebø'; Joakim Systaddal; Odd Rune Turvoll; Torgeir Skålid; Grov Olav; Terje Laberg; Jorunn Nilssen; Aleksander Øren Heen; Ingunn Bårtvedt Skjerdal; Gunn Cecilie Timberlid Hundere
Kopi: Karina Nerland; Torunn Todal Laberg
Emne: Søknad om prosjektstøtte til Sognefjord Bike & Hike
Vedlegg: Sognefjord Bike & Hike søknad hovudprosjekt 021019.pdf; Sognefjorden Bike & Hike Forprosjektet.pdf; Prosjektplan 2019 2022 Sognefjord Bike and Hike.pdf; Tiltak per kommune Sognefjord Bike & Hike.pdf

Søknad om prosjektstøtte til Sognefjord Bike & Hike

Sjå vedlagt søknad om prosjektstøtte til hovudprosjektet for Sognefjord Bike & Hike med bakgrunn i forprosjektet finansiert av Sogn regionråd frå september 2018 - april 2019.

Søknaden er spissa i forhold til vedlagte prosjektplan for 2019 - 2022 og plan for aktuelle tiltak per kommune. MERK: desse vert nærare avklara og vurdert/utvida som del av hovudprosjektet.

Visit Sognefjord er prosjektansvarleg og Torunn Laberg er føreslege som prosjektleiar. Prosjektet har ambisjon om oppstart i oktober 2019.

Det er lagt opp til at kommunane i Sogn bidreg likt inn i prosjektår 1 med NOK 45.000 per kommune, totalt NOK. 405.000. I prosjektår 2 og 3 er det rekna NOK 50.000 per kommune, totalt NOK 350.000. Prosjektet oppmodar til ei samla regional satsing der alle kommunane bidreg i fellesskap. Prosjektet vil både ha eit regionalt og lokalt perspektiv for oppbygging av sykkel- og vandresatsinga.

I tillegg til prosjektbidrag frå kommunane og Visit Sognefjord vert det lagt opp til søknader om midlar til infrastruktur- og utviklingstiltak frå fylkeskommunen og tippemidlar, og eigeninnsats frå næringsaktørar knytt til delprosjekt og eventuelle investeringar i sykklar og utstyr mm.. Dette vil bli vurdert og avklara løpande i hovudprosjektet.

Med bakgrunn i dette søker Visit Sognefjord kommunane om NOK 45.000 til hovudprosjektår 1 gjeldande frå oktober 2019 – oktober 2020. Prosjektet vert evaluert årleg med intensjon om søknad til kommunane i prosjektår 2 og 3 for gjennomføring av eit treårig hovudprosjekt.

Prosjektkostnader 2019 - 2022:

	År 1 (2019 – 2020)	År 2 (2020 – 2021)	År 3 (2021 – 2022)	Sum:
Prosjektleiing	275.000	275.000	275.000	825.000
Produktutvikling	100.000	100.000	100.000	300.000
Marknadsmateriell	50.000	25.000	25.000	100.000
Møter og reiser	25.000	25.000	25.000	75.000
Sum:	450.000	425.000	425.000	1.300.000

Prosjektfinansiering 2019 - 2022:

	År 1 (2019 – 2020)	År 2 (2020 – 2021)	År 3 (2021 – 2022)	Sum:
Kommunane	405.000	350.000	350.000	1.105.000
Visit Sognefjord	45.000	75.000	75.000	195.000
Sum:	450.000	425.000	425.000	1.300.000

Vedlegg:

- Sognefjord Bike & Hike søknad
- Sognefjord Bike & Hike forprosjekt (rapport)
- Prosjektplan 2019 - 2022 Sognefjord Bike & Hike
- Tiltak per kommune Sognefjord Bike & Hike (Utkast - vert oppdatert løpande i hovudprosjektet)

Beste helsing/best regards

Ståle Brandshaug
Reiselivsdirektør/CEO
Tel: +47 909 61 179

VISIT SOGNEFJORD – THE KING OF THE FJORDS

SOGNEFJORD.NO | [Twitter](#) | [Facebook](#) | [Instagram](#)

Referat frå møte mellom helsegruppa i Sogn Regionråd og Høgskulen på Vestlandet (HVL), institutt for helse- og omsorgsvitskap, 06.09.2019

Til stades:

Frå helsegruppa i Sogn Regionråd: ordførarane Jon Håkon Odd (Leikanger), Jan Geir Solheim (Lærdal) og Arild Ingar Lægreid (Årdal)

Karina Nerland (dagleg leiar i Sogn Regionråd)

Frå HVL: instituttleiar ved institutt for helse- og omsorgsvitskap (IHO) Georg Førland, viseinstituttleiar Dagrun Kyrkjebø og rådgjevar Bente K. Walaker (referent)

Utfordringsbilde i kommunane i Sogn

Det er stort behov for sjukepleiarar i alle kommunane i Sogn. Behovet er aukande, både på grunn av samhandlingsreforma og at mange av dei som arbeider som sjukepleiarar i dag, nærmar seg pensjonsalder. Kommunane satsar på kompetanseheving av personellet dei allereie har.

Georg Førland hadde ein kort presentasjon av HVL generelt, sjukepleieutdanninga i HVL spesielt og RETHOS-prosjektet. Dagrun Kyrkjebø hadde ein presentasjon av deltids-, og desentralisert sjukepleieutdanning og utfordringar og moglegheiter. Presentasjonane ligg vedlagt.

Desentralisert utdanning, Bergen

- Deltidsutdanning over fire år
- All praksis er på fulltid, totalt 50 veker
- Praksis skal gjennomførast lokalt – utanom praksis i spesialisthelsetenesta
- Vekesamlingar på campus i Bergen + studiegruppesamlingar lokalt i heimdistriktet – tal samlingar høgst i starten av studiet
- Max 50% arbeid ved sidan av studiet
- Må vere tilsett i kommune eller helseføretak
- Arbeidsgjevar er aktiv i rekrutterings- og opptaksprosessen
- Arbeidsgjevar betalar kr 12.000 pr år for å dekke meirkostnader
- Avhengig av fleksibel arbeidsgjevar

Samlingsbasert deltid, Førde

- Deltidsutdanning over fire år
- All praksis på fulltid, totalt 50 veker
- Praksis kan gjennomførast lokalt – utanom praksis i spesialisthelsetenesta
- Teoriundervisning ca 50% av det heiltidsstudentar har
- Vekesamlingar på campus i Førde – tal samlingar pr semester er høgst i starten av studiet
- Max 50% arbeid ved sidan av studiet
- Avhengig av fleksibel arbeidsgjevar i samband med praksisperiodar

Praksis

All praksis (både på deltidsutdanning og desentralisert utdanning) er på fulltid. Studentane må rettleiast av personar av same profesjon (sjukepleiarar). Sjukepleieutdanninga er styrt av eit EU-direktiv. Det betyr at studentane skal ha praksis både i psykisk helsearbeid, kommunehelsetenesta og

spesialisthelsetenesta. Dette direktivet er ikkje under revisjon no. Etter den nye studieplanen, vil praksis i kommunehelsetenesta bli lagt til slutten av studiet. Det er då viktig med kompetente rettleiarar i kommunane. Kommunar som ikkje har tilstrekkeleg rettleiingskompetanse vil ikkje få studentar i desse praksisperiodane. Høgskulen tilbyr eiga utdanning i [rettleiingspedagogikk](#) for utdanning av rettleiarar. Søknadsfrist 1. november 2019.

Minimumskrav til kandidatane

[Generell studiekompetanse](#) eller [realkompetanse](#) (må vere minst 25 år og ha dokumentert relevant realkompetanse innanfor helse- og omsorgsrelatert arbeid).

I tillegg er det krav om gjennomsnittskarakter 3 eller betre i norsk (393 timar, hovudmål, sidemål og munnleg), og gjennomsnittskarakter 3 eller betre i matematikk (224 timar). Dette opptakskrava gjeld for alle søkjarar.

Dei nye krava om minimum timetal i norsk og matematikk fører til at mange søkjarar som har utdanning frå nokre år tilbake i tid (eksempelvis fagarbeidarar og hjelpepleiarar), ikkje vil vere kvalifiserte. Dei må melde seg opp til privatisteksamen for å kvalifisere seg.

Arbeidstakarar som har utanlandsk sjukepleieutdanning kan få eit spesialtilpassa opplegg. Dei må ha søkt om autorisasjon og fått avslag og dekke minimumskrava for opptak. Informasjon om korleis ein dekkjer krava med utanlandsk utdanning finn du her:

https://www.samordnaopptak.no/info/utenlandsk_utdanning/

Anbefalingar til kommunane ved utveljing av studentar

- Tenk nøye gjennom utviklingspotensialet til studenten
- Ansiennitet er ikkje nok
- Anbefaler ingen å ha meir enn 50% stilling i tillegg til studiane
- Omstillingsevne frå assistent til leiar
- Kapasitet til å jobbe sjølvstendig både som medarbeidar og student
- Kandidaten bør ha samtale med familien og legge fram korleis målet om å fullføre ei sjukepleieutdanning skal oppnåast
 - Motivasjon
 - Ressursar
 - Støtte
- Leiar bør våge å utfordre dette før dei gjev grønt lys og vil støtte

Er det mogleg å lage ein «konto» der kandidatane kan jobbe meir i nokre periodar (eksempelvis helg og ferie), og mindre i andre periodar? Kommunane har ofte veldig ulike støtteordningar. Bokstipend, permisjon med løn. Kommunane bør samarbeide dersom det er mogleg.

Korleis velje ut kandidatar kommunane i mellom?

Det er eit ønske frå HVL at det kan kome meir enn ein kandidat frå eit nokolunde overkommeleg geografisk område.

Vegen vidare

Det viktigaste kommunane kan gjere, er å kartlegge kven som kan vere aktuelle kandidatar og starte kvalifisering for dei som ikkje har studiekompetanse.

Erfaringane frå oppstart av desentralisert sjukepleieutdanning i Nordfjord, syner at mange av søkerane som er interesserte i å ta utdanninga, ikkje er kvalifiserte.

Høgskulen rår til at kommunane har nokon som driv med kompetanserettleiing for aktuelle kandidatar.

Neste opptak til både desentralisert- og samlingsbasert deltidsutdanning i sjukepleie er i 2021. Det er Høgskulestyret som avgjer kva studium og kor mange studieplassar som skal lysast ut. Dette blir gjort i november året før oppstart. Det vil seie at Høgskulen må vite kor mange kvalifiserte kandidatar kommunane i Sogn har i november 2020.

Fra: Bjarne Meel [bmeel@broadpark.no]

Til: Karina Nerland [Karina.Nerland@sogndal.kommune.no]

Kopi: Svein Arne Skuggen Hoff [Svein.Arne.Skuggen.Hoff@balestrand.kommune.no]; knut@aroygard.no [knut@aroygard.no]

Sendt: 16.09.2019 13:36:40

Emne: Nasjonal laksefjord i Sogn

Vedlegg: Brev Klima og miljødep. 2019.docx; kart nasjonal laksefjord.pdf; NINA rapport gentest.PDF; Rapport vitenskaplig tidsskrift.PDF; Lakselusregistrering sluttrapport 2013,14,15 og 16.PDF

Viser til telefonsamtale 16.sept og oversender som avtalt brev sendt til Klima og Miljødepartementet. Vår kontakt til Departementet har vært avdelingsdirektør Lindis Nerbø som kjenner saken . Balestrand kommune er bedt om å støtte saken og ta kontakt med departementet, dette ville sannsynligvis styrke saken. Som det fremgår av brevet så er situasjonen kritisk for laksefisken i Sogneelvene. Dette dokumenteres av våre gjennomførte rapporter. Vi håper Sogn Regionråd kan støtte saken og gjerne ta kontakt med departementet.

Med vennlig hilsen for Sogn Villaksråd

Bjarne Meel

Klima – og miljødepartementet
Kongens gate 20
0153 Oslo

Sogn Villaksråd
Knut Munthe Olsen
Årøy 4
6856 Sogndal

Årøy, 15.01.2019

Evaluering av ordningen med nasjonale laksevasdrag og laksefjorder.

Sogn Villaksråd er en sammenslutning av grunn- og elveeierlag, jakt - og fiskeforeninger i Sogn og har som formål å arbeide for sikre bærekraftig forvaltning av lokale villaks -og sjøørretstammer både i elv og fjordområder.

Sogn Villaksråd viser til Miljødirektoratets evaluering av nasjonale laksevasdrag og laksefjorder hvor det fremgår:

- Evalueringen viser at verneordningen delvis fungerer etter formålet, men at det er potensial for å forbedre ordningen.
- Effektene av ordningen med nasjonale laksefjorder er avhengig av størrelsen på verneområdet. Vern av store areal medvirker best til å verne vill laksefisk, både mot lakselus og rømt oppdrettslaks.
- Verneregimet bør bli forskriftsfestet, med hjemmel i laks -og innlandsfiskloven §7a.
- Det geografiske omfanget av ordningen bør bli justert. Evalueringen viser at store laksefjorder virker bedre enn små, dersom vernet skal styrkes, bør det skje en vurdering av om laksefjordene sin størrelse og arrondering er god nok til å ivareta behovet for beskyttelse.
-

Sogn Villaksråd sin egen evaluering av den nasjonale laksefjorden i Sogn er generelt sammenfallende med Miljødirektoratet. Den lokale tilstanden i Sognefjorden er imidlertid svært urovekkende og tilsier en arrondering og utvidelse av laksefjorden.

Sogn Villaksråd ber derfor om at grensen for den nasjonale laksefjorden flyttes noe utover slik at dagens oppdrettsfrie område kan sikres også i fremtiden.

Ny grense Eitreneset til Ortmark. Se vedlagte kart.

Bakgrunn for den nasjonale laksefjorden

Villaksutvalget (også kalt Rieber- Mohn utvalget) foreslo i sin tid Sognefjorden som nasjonal laksefjord fra Kyrkjebø - Dyrdal i Høyanger kommune og helt inn til fjordslutt. Et godt faglig forslag for vill laksefisk.

Bondevik 2 regjeringen som var en mindretallsregjering fikk ikke flertall for dette forslaget, men fikk flertall ved å flytte grensen for den nasjonale laksefjorden innover til Nessane - Ortmark. (Se vedlagte kart). Balestrand kommune fikk således en delt løsning, hvor ytterste delen av kommunen (Nessane-Eitreneset) kunne disponeres til lakseoppdrett. Balestrand kommune har imidlertid hatt en restriktiv holdning til oppdrett og holdt dette området oppdrettsfritt. Den nasjonale laksefjorden har således i

praksis hatt et utvidet oppdrettsfritt område som Sogn Villaksråd mener har vært til god beskyttende for vill laksefisk.

Det er nå vedtatt at den ytterste oppdrettsfrie delen i Balestrand kommune skal legges til Høyanger kommune.

Høyanger kommune har svært mye lakseoppdrett og flere oppdrettsbedrifter som ønsker å utvide sitt lakseoppdrett innover til grensen mot den nasjonal laksefjorden som i dag går ved Nessane.

Dette er bakgrunnen til at Sogn Villaksråd ber om at grensen justeres slik at det oppdrettsfrie området i dagens Balestrand blir sikret oppdrettsfritt også i fremtiden.

**Ny grense Eitreneset til Ortmark. Se vedlagte kart.*

Dagens tilstand med lusepåslag i Sognefjorden .

Luseregistreringer foretatt av Havforskningsinstituttet i Vik kommune og indre del av Balestrand kommune viser lavt lusenivå. Lenger utover ved sluttgrensen av den nasjonale laksefjorden og videre utover er det en kraftig økning av lusepåslaget. Vi viser her til luseregistreringer foretatt av UNI RESEARCH AS i 2013, 2014, 2015 og 2016 i området Kvamsøy/Kyrkjebø. Her vises svært store lusepåslag på sjøørreten om vinteren. Legges Havforskningsinstituttets sin risikovurderingsmetode til grunn vil en stor andel av sjøørreten (fra 8,1 -52,9%) ha økt sannsynlighet for å dø på grunn av lus. I en periode i mars 2014 i Kvamsøy ble det registrert lakselus på all fanget fisk. Største påslag var 759 lus på en fisk. (Se vedlagte registreringer). Havforskningsinstituttets luseregistreringer i ytre Sognefjorden har vist nærmere 80% dødelighet på utvandret smolt fra Sogneelvene.

Dagens tilstand med rømt oppdrettlaks i Sogneelvene .

I elva Vikja i Vik kommune og Daleelva i Høyanger er det til tider registrert nærmere 30 % rømt oppdrettlaks.

NINA, Rådgivende Biologer AS, UNI RESEARCH AS og Sogn Villaksråd gjennomførte i 2017 kartlegging av genetisk påvirkning fra rømt oppdrettlaks på villaks i Sogneelvene. Tilstanden i Sogn er svært urovekkende. 8 av 11 elver kom i kategori svært dårlig etter kvalitetsnormen for ville bestander av atlantisk laks. (Se vedlagte rapport).

Avslutning.

Situasjonen i Sognefjorden er dokumentert svært bekymringsfull for villfisken både på grunn av lakselus og rømt oppdrettlaks. Uten den nasjonale laksefjorden ville situasjonen med all sannsynlighet vært enda mer alvorlig. Det er all grunn til å lytte til Miljødirektoratets råd om at dersom vernet skal styrkes bør det skje en vurdering om laksefjordene sin storleik og arrondering er god nok til å ivareta behovet for beskyttelse. Vi håper grensen i Sognefjorden kan justeres som foreslått.

For Sogn Villaksråd

Knut Munthe Olsen, Årøyelva, Bjørn Vike, Aurland, Lasse Sælothun og Ola Petter Bøe, Lærdal, Vidar Moen, Årdal, Sigvar Brusegard, Nerøydalselva, Morten Jacobsen, Vikja, Ken Heine Bakke, Balestrand, Finn Stedje, Sogndal, Andreas Wiese og Per Arvid Hauge, Mørkridselva, Anders Fretheim Flåm, Kjell Arvid Nyhus, Fortun, Sigmund Feten og Tor Andreas Grepperud, Vetlefjorden, Bjarne Meel, Olav Giskeødegården

Saksbehandler Bjarne Meel, bmeel@broadpark.no tlf 97689802

Brevet er elektronisk godkjent og derfor uten underskrifter.

Kopi: Avdelingsdirektør Lindis Nerbø Lindis.Nerbo@kld.dep.no

Vedlegg: Kart, Registrering av lakselus i Sognefjorde 2013-2016, First report of winter epizootic of salmon lice on sea trout in Norway, NINA rapport innkryssing av rømt oppdrettslaks i Sognefjorden.